

Årsmøte Sunnfjord Hotell, Førde 15. - 16. mars 1997

INNHALDSLISTE

| | |
|--|---------|
| Dagsorden årsmøte..... | side 2 |
| Ord frå formannen..... | side 3 |
| Årsmelding frå styret..... | side 4 |
| Årsmelding frå Fagleiar Konkurranse..... | side 10 |
| Årsmelding frå MIK-instruktøren..... | side 12 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør i Jegerprøve..... | side 13 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør i Hagleskyting..... | side 14 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør for Ettersøkshund..... | side 15 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør El. Halsband..... | side 16 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør Rifle..... | side 16 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør Hund..... | side 16 |
| Årsmelding frå fylkessekretær..... | side 17 |
| Rekneskap for 1995..... | side 18 |
| Budsjett for 1996..... | side 19 |
| Arbeidsprogram for 1996..... | side 20 |

Vedlegg: Sak 9 Fylkessekretær 80% stilling
 Rekneskap fylkeslotteri
 Resultatrekneskap og status

DAGSORDEN ÅRSMØTE

| | |
|----------------------|---|
| Laurdag 15. mars kl. | 16.00 Oppmøte og innkvartering |
| | 16.30 Opning og fagleg del; Medlemsdebatten |
| | 18.30 Open time |
| | 20.00 Middag, sosialt samvær |
| Søndag 16. mars kl. | 10.00 Årsmøtesaker |
| | 12.00 Kaffipause |
| | 14.00 Lunsj. Heimreise |

NJFF er representert ved fagleiar Siri Parmann.

DAGSORDEN ÅRSMØTESAKER SØNDAG 16. MARS

| | |
|---------|---|
| Sak 1. | Godkjenning av innkalling og sakliste. |
| Sak 2 | Val av møteleiar og sekretær. |
| Sak 3. | Val av to til å skrive under møteboka. |
| Sak 4. | Årsmeldingar for 1996. |
| Sak 5. | Rekneskap for 1996. |
| Sak 6. | Arbeidsprogram for 1997. |
| Sak 7. | Budsjett for 1997. |
| Sak 8. | Val av utsendingar til landsmøtet. |
| Sak 9. | Fylkessekretær, auka stillingsdel til 80% av full stilling. Orientering til årsmøtet. |
| Sak 10. | Innkomne forslag. |
| Sak 11. | Val. |

NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Jubileumsåret -96 er gått over i historia, men er ikkje gløymd. NJFF sitt 125 års feiring både sentralt og regionalt vart gjennomført med både stil og innhald som er ein 125 jubilar verdig. SFJFF vart i denne forbindelse tildelt oppgåva med å gjennomføre jubileumsarrangementet her på Vestlandet. Det naturlege stadvalget var Lærdal, ikkje minst p.g.a. opninga av det nye Villakssenteret. Og nettopp villaks og laksepolitikk var hovudtemaet under seminaret. Representantar frå vår eigen organisasjon og forvaltninga var tilstade for å belyse den krisa som villaksen er oppe i, og tiltak for å berge det som no må karakteriserast som sårbare restbestandar.

Konklusjonen må bli at vilje til å berge villaksen er tilstade, men til no er det ikkje kome til mykje anna enn tome slagord og kosmetiske tiltak.

Med bakgrunn i den forverra bestandsituasjonen og eit auka sjukdomstrykk har SFJFF ved siste høyring frå Fylkesmannen kome med utvida forslag til Forskrift om fiske etter laks i -97, som vil bety redusert beskatning, og eit håp om meir gytefisk på elvane.

Ein klar føresetnad for å nå desse mål er at ein kraftig reduksjon også må innførast i sjølaksefisket.

Aktiviteten i fylkesforbundet er inne i ein periode med fleire store arbeidsoppgåver under arbeid. Vestnorsk Villmarksmesse er ei storsatsing som blir arrangert av SFJFF i samarbeid med tre lokalforeningar i Nordfjord. Ein oppnår med dette eit regionalt samarbeid i desse JFF som eg trur vil ha ein positiv effekt.

Eg håpar at det vil legge til rette for at messa om tre år blir plassert til Sogn, og på denne måten få ei rullering også innanfor fylket.

Styret i SFJFF har i si prioritering av arbeidsoppgåver for fylkessekretæren i inneverande år vektlagt å kunne medverke til auka aktivitet i foreiningane i den grad det er ynskje om det. For å oppnå ein best mogleg effekt av fylkessekretærstillinga, og for å gjere den til ein framtidig arbeidsplass, er det no heilt nødvendig å prioritere ein opptrapping opp mot heil stilling. Felles for både fylkessekretær og SFJFF er at ikkje nokon av partane over lenger tid er tent med deltidsstilling. Arbeidsoppgåvene har synt seg vere langt større enn det den stillinga som er i dag, gjev rom for.

Styret har i den forbindelsen konkludert med at ein vil styrkje fylkesorganisasjonen med å auke til 80% av full stilling, og samtidig aktivt medvirke for å få prosjektoppdrag for dei resterande 20% av stillinga.

Eg vil gjerne nytte dette høvet til å invitere foreiningane til å i endå sterkare grad ta kontakt med SFJFF kontoret når det er behov for hjelp i spørsmål som vedkjem organisasjon, forvaltning av vilt og fisk. Målsetjinga er å yte bistand i desse spørsmål så langt ressursane rekk.

Lukke til !

Audun Sande
-leiar-

SFJFF - ÅRSMELDING FOR 1996 FRÅ STYRET:

Styret har i 1996 vore samansett slik:

| | |
|--------------------|-----------------------------|
| Audun Sande | Formann |
| * Magnar Hjelle | Nestformann |
| * Arve Myklebust | Ungdomsleiar |
| Terje Espe | Kasserar |
| * Gunnstein Husdal | Sekretær |
| * Odd Inge Hagen | Fagleiar Vilt |
| * Arvid Pedersen | Fagleiar Fisk |
| | |
| * Odd Reksnes | Fagleiar Konkurrans 1. vara |
| * Kari Mette Helle | Fagleiar Hund 2. vara |

Fagleiar Vilt og Fagleiar Konkurrans skal veljast for eit år, for å få balanse i valet. Jamfør årsmøte i 1996. Dei andre som er på val, vert valt som normalt for 2 år.

Frå SFJFF er desse med i Norges Jeger- og Fiskerforbund sitt styre og utvalg:

| | |
|--|------------------------------------|
| Bjarne Huseklepp, instruktør MIK/Jegerprøve: | Forbundsstyre |
| Ove Bjørlo, leiar Eid JF: | Det sentrale kvinnesatsingsutvalet |
| Håkon Huseklepp: | Sportsfiskarutvalget |

Oppfølging av arbeidsprogrammet:

STATUS - GJENNOMFØRING AV ARBEIDSPROGRAM FOR 1996

* Formannskonferanse.

Kommentar: Gjennomført 13. -14. desember på Sognefjord Hotell, Hermansverk. Det møtte 21 representantar frå lokallag, fylkeslag og NJFF sentralt. Foredragshaldarar: Jaktkonsulent NJFF Sven Stenbrenden, Fagleiar Vilt Odd Inge Hagen og fylkessekretær Reidun S. Seim. Kjell Tonheim frå Florø JFL hadde eit innlegg om freda naturområder-innskrenka jaktterreng i Flora og omegn.

* Fylkessekretær auka stillingsdel.

Kommentar: NJFF gjev tilskot til fylkessekretærstilling på opptil 50% av lønn og sosiale kostnader, med eit maksimumsbeløp på 50.000,- pr. fylkeslag. Stillinga vart auka til 60% av heil stilling frå 1.6.96. Har gjort eit vedtak i 1997 om å auke stillinga til 80% frå 1.7.97

* Kriseforing av hjort.

Kommentar: Har ikkje blitt arbeidd noko med i 1996. Ein har fått signal frå Fylkesmannen om at ein kan få midlar til fôr ved krisehøve.

* Vere høyringsorgan ved tildeling av midlar frå vilt- og fiskefond.

Kommentar: Fylkessekr. var i møte med Fylkesmannen 7. mars på Hermansverk og var med å prioritere midlar frå vilt- og fiskefondet.

* Styrke samarbeidet med Fylkesmannen.

Kommentar: Fagleiar Vilt har fått til eit samarbeid med Fylkesmannen om merking/registrering av hjort, som også er eit samarbeid med NINA - NIKU, viltforvaltninga, hjortevald og lokallag. Fagleiar Vilt har også i 1996 budd eit samarbeid med Fylkesmannen når det gjeld småviltregistrering. Dette prosjektet arbeidast vidare med i 1997.

Fagleiar Fisk har gjennomført ei selteljing i samarbeid med lokallaga, Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane, Havforskinga og Fylkesmannen.

Ein var med å prioritere tildeling av midlar frå vilt- og fiskefondet og vil fortsetje dette samarbeidet vidare med Fagleiar Vilt og Fagleiar Fisk som representantar.

* Framleige, oppfølging

Kommentar: Fylkesleiaren har fylgd opp saka. Var på fylkesradioen 6.9.96 og fekk gjort framleige til ei stor mediasak som følgde opp utover dagen. Har vore i kontakt med forbundet som igjen har vore i kontakt med MD (Miljøverndep.) og DN (Direktoratet for Naturforvalt.) MD har sagt dei skal sjå på arbeidet med forskrifter i forhold til villtova når arbeidet med den nye stortingsmeldinga om rovviltforvaltning er ferdig. -tidlegast i 1. halvår av 1997.

* Stanse bruk av elektronisk hjelpemiddel i jakta.

Kommentar: Denne saka er ikkje arbeidd noko med. Ein avventar framleis signal frå forbundet, som hadde denne saka oppe på forbundsstyremøte, sak 46/96.

* Fiskeplass(ar) for personar med fysisk handikap.

Kommentar: Sekretæren har vore aktiv for å bistå lokallag. Han har vore i kontakt med Fylkesmannen og Handikap forbundet som henholdsvis kan bidra med økonomisk bidrag og konsulenthjelp. NJFF kan òg bidra med økonomisk finansiering. Lærdal, Gloppen og Eid er lokalforeiningar som har sagt seg interessert så langt. Gloppen JFL held på å byggje bryggje for fysisk handikappa personar ved Veslevatnet i Gloppen.

* Forvaltning av vilt- og fiskeressursar.

Kommentar: Leiaren har vore i media ang. lakseforvaltning, 125-års jubileet i Lærdal 2. juni, handla om villaksen og forvaltning av denne.

Fagleiar Fisk har gjennomført ei selteljing saman med lokallaga 16. 6. 96

Fagleiar Vilt har eit samarbeid med Fylkesmannen ang. hjorteteljing og småviltregistrering.

Styret i SFJFF har svart på høyringar vedkomande; utviding av Jostedalsbreen Nasjonalpark, om fisketider etter laks og sjøaure i vassdrag i Sogn og Fjordane, melding om ny kV-linje Borgund -Årdal, utviding av Fossheim kraftverk, Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen landskapsvernområde, konsesjonssøknad for overføring av Erdalselva til Aurlandsverka, endring av reglement for regulering av Vetlefjordelvi, jakttider og jaktmåtar.

* Ungdomskurs.

Kommentar: Ungdomskurset 6. - 8.september vart avlyst p.g.a. berre 2 påmelde.

* MIK - kurs.

Kommentar: Vart ikkje noko av det planlagte MIK-kurset p.g.a. Fylkesmannen hadde eit tilsvarende kurs for kommunane i fylket.

* Kurs og studieverksemd etter behov.

Kommentar: Fl.instr. Ettersøk; Fase 2 kurs 12. - 13.4, Fase 3 kurs 28. -29.6, Stryn
Fase 3 kurs 31.5 - 1.6, 14. - 15. 6 og 16. - 17.11, Gaular,
Fase 3 kurs 16. - 17.8, Sogndal
Fl.instr. Jegerprøve; Fase 3 kurs og nybyrjarar 4. - 5. 5, Sande
Fl.instr. Hagle; Hagleskytingskurs for kvinner 13. - 14. april, Luster
Styret; Fluekastarkurs for kvinner 30.5, Sandane

* Medlemsverving med spesiell vekt på kvinnesatsing.

Kommentar: Det har vore arrangert eit hagleskytingskurs for kvinner i Luster og eit fluekastarkurs for kvinner på Sandane. Planlagt riflekurs vart ikkje gjennomført.

* Treningsområde for fuglehundar.

Kommentar: Styret i SFJFF har ikkje kome lenger i denne saka, men vil ta initativ til tilrettelagt treningsområde i 1997.

* Fylkeslotteri.

Kommentar: Trekning 17. desember. Det vart selt 6 397 lodd (10% mindre enn i fjor), noko som gav eit overskot til lokallaga på kr. 22 840,- og fylkeslaget eit overskot på kr. 18 648,-.

* Medlemsinfo.

Kommentar: Lokallagsinfo er gjennomført. Sist årsmøte avgjorde at ein skal gje ut ei medlemsavis i 1997.

* NJFF sitt 125-års jubileum.

Kommentar: Gjekk av stabelen 1. og 2. juni i Lærdal

* Koordinere samarbeid lokallaga imellom.

Kommentar: Samarbeidsprosjekt: Selteljing (Fagleiar Fisk)
Småviltregistrering/hjorteregistrering (Fagleiar Vilt)
Kartlegging av jakt og Fiskevald (FS)
Vestnorsk Villmarksmesse

* Planlegging av Vestnorsk Villmarksmesse.

Kommentar: Blir gjennomført 25. - 27. april, Strynehallen i Stryn. Er godt i gang.

Styremøte:

Styret har halde 6 styremøte og handsama 63 saker.

Medlemsutviklinga:**Namn på laget:****Medlemmer 1.1.96****Medlemmer 22.1.97**

| | | |
|-------------------------------------|-------------|-------------|
| Askvoll og Holmedal JFF | 57 | 61 |
| Aurland JFL | 194 | 192 |
| Balestrand JFF | 23 | 31 |
| Brekke JFL | 3 | 3 |
| Bryggja og Omegn JFF | 14 | 15 |
| Eid JF | 162 | 167 |
| Fjaler JSPFL | 21 | 24 |
| Flora JFF | 121 | 135 |
| Førde JFL | 188 | 196 |
| Gaular JFL | 58 | 67 |
| Gloppen JFL | 121 | 123 |
| Gulen JSPFL | 39 | 40 |
| Hyen JFF | 46 | 46 |
| Hyllestad JFL | 45 | 49 |
| Høyanger JFL | 171 | 181 |
| Jølster JSPFL | 37 | 37 |
| Leikanger JFL | 83 | 93 |
| Luster JFL | 142 | 158 |
| Lærdal JFL | 106 | 106 |
| Naustdal JFL | 28 | 27 |
| Selje JFF | 8 | 9 |
| Sogndal JSPFL | 161 | 176 |
| Solund JFL | 5 | 5 |
| Stryn og Hornindal JSPFL | 50 | 56 |
| Svelgen JFF | 34 | 33 |
| Sørgulen JFL | 14 | 14 |
| Vik JFL | 74 | 76 |
| Vågsøy JSPFL | 40 | 46 |
| Årdal JFF | 471 | 539 |
| Sum aktive/passive medlemmer | 2516 | 2705 |

I tillegg er det pr. 31.12.96 78 direkte medlemmer til NJFF.
Medlemstalet viser ein oppgang på 7,51 %.

Fylkessekretær:

Reidun Solberg Seim har arbeidd som fylkessekretær sidan 1. aug. 95 til 29. april 96 i 40% stilling og sidan 1. mai 96 i 60% av full stilling.

Informasjon frå styret:

Styret sende ut sakliste og referat frå styremøte til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF.

Media:

Leiaren har vore med på følgjande innslag:

- * 29.03: Påkjørsle av hjort -Moskogområdet; aviser: Firda
- * 03.06: Forvaltning av villaks -kvoteregulering i elvane; radio: NRK Sogn og Fj. Dagsnytt, aviser: Bergens Tidende
- * 10.07: Lakseproblematikken
- * 11.07: Situasjonen for villaksen. Fangstresultat fram til no, kvoteregulering; radio: NRK Sogn og Fj.
- * 12.07: Situasjon for villaksen; radio: NRK Sogn og Fj. (Fredagsportrett)
- * 03.09: Krav til storviltprøva; aviser: Firda
- * 06.09: Framleige av hjortejakt; radio: NRK Sogn og Fj.

Representasjon:

Leiaren i SFJFF har representert fylkeslaget ved følgjande arrangement:

- * 10.02 : NJFF sitt 125 års jubileum -Elverum
- * 01.-02.06: 125-års jubileumsarrangement -Lærdal
- * 01.-03.11: Fylkesformanskonferanse -Asker
Møter i arrangementskomiteen for Vestnorsk Villmarksmesse

Fylkeslotteri 1996.

Fylkessekretæren hadde ansvaret for lotteriet og det vart gjennomført haust/vinter med trekning 17. des. Det vart seld nær 64% av 10.000 lodd. Lokallaga fekk samla inntekter på kr. kr. 22.840,- og fylkeslaget fekk eit overskot på kr. 18.648,-. Dette er ein nedgang på 10% selde lodd og noko over 9 000,- dårlegare overskot for fylkeslaget enn sist.

ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR I KONKURRANSE

JEGERTRAP

Jegertrapskyttarane har i sesongen 1996 vore gjennom den beste sesongen nokon gong. Sjølv om rekrutteringa er svak, har dei etablerte skyttarane sett Sogn og Fjordane skikkeleg på kartet rundt om i landet. Både NM på Lillehammer og Landsdelsmeisterskapen på Ulven var skyttarane heilt i toppen både individuelt og i lagskyting.

Ny grein stod Førde JFF for då dei arrangerte FM i Leirduesti.

Det var i alt 8 klubbar som arrangerte stemner siste sesongen. Komande sesong er det kun Sogndal JSPFL av desse som ikkje skal arrangere stemne.

Resultater 1996:

FM Askvoll/Holmedal: Nr. 1. Olav Årskaug, Førde.
Nr. 2. Stig O. Eide, Luster.
Nr.3. Gunnar Leknes, Askvoll/Holmedal

FM Leirduesti Førde: Nr. 1. Oddbjørn Mulen, Førde

Sogn og Fj. Cup -96:Nr. 1. Kurt Langeteig, Leikanger
Nr. 2. Gunnar Leknes, Askvoll/Holmedal
Nr. 3. Svein I Lundheim, Leikanger

Landsdelsmeistersk, Ulven:Nr. 1. Kurt Langeteig, Leikanger
Nr. 2. Olav Årskaug, Førde
Nr. 3. Gunnar Leknes, Askvoll/Holmedal

3-manns lag: Nr. 1. Førde JFF
Nr. 2. Leikanger JFF

NM Lillehammer: Nr. 2. Gunnar Leknes, Askvoll/Holmedal
Nr. 7. Frode Husum, Leikanger

Nr. 3. Klasse B. Terje Johansen, Askvoll/Holmedal

Nr. 1. Lagskyting 3-manns lag. Askvoll/Holmedal
Nr. 6. Førde
Nr. 7. Leikanger

Nr. 1. Noregscup finale, 5-manns lag. Leikanger

Utgifter kr. 1.110,- til premiar,
Inntekter kr. 2 000,- (Oppsett terminliste jaktskyting)

Med helsing
Odd Reksnes
-Fagleiar Konkurransen-

Paul Baraas for ELG OG JAKTFELTSKYTING:

I 1996 har det vore 9 terminfesta stemmer i elgbaneskyting, og 2 terminfesta stemmer i jaktfeltskyting. Deltakarantalet har vore sterkt varierende.

Sogn og Fjordane stilte med 5 skyttarar på NM-Elg baneskytingi Osen i Østerdalen.

Oppslutnaden ved elgbane/jaktfelt er for dårleg, her vonar vi at det i løpet av 1997 vil bli betre, sidan det no er innført minimum 30 treningsskot for å kunne ta jaktprøve. Vi vonar at dette vil gjere til at aktiviteten aukar i åra framover, både på trening og konkurranseskyting.

For 1997 er det sett opp 8 terminfest stemmer på elgbaneskyting og 3 terminfesta jaktfelt stemmer. For denne sesongen vonar vi å få lage til ei cup-skyting på elgbane, noko liknande som der er på leirdueskyting. Vonar dette vil bli godt mottatt!

Paul Baraas, Førde.

ÅRSMELDING FRÅ MIK-INSTRUKTØREN 1996

Hovudmålet til Mik-instruktøren i 1996 var å gjennomføre eit større Mik-kurs med vekt på lokalt samarbeid på vilt- og fiskesida.

Dette kurset valde eg å avlyse då FM hadde spesiell trong for å skolere kommunane spesielt. Det var lite realistisk å forvente kommunal deltaking på 2 kurs med nærliggjande innhald i tett rekkefylgje.

Når det gjeld den økonomiske sida ved Mik-kursa, er det klårt frå myndigheitene at graden av sjølvfinansiering har auka.

Avslutningsvis må det trekkjast fram som positivt at fleire har etterlyst og tydeleg gjeve uttrykk for verdien av våre Mik-kurs.

Dette er særst gleden når kommunalt tilsette og grunneigarar, er mellom desse.

Arbeidsprogram og budsjett for 1997:

Det vil verte teke initiativ for å arrangere eit Mik-kurs i 1997.

Målgruppa er medlemmer i JFL, grunneigarar og kommunar. I samband med Handlingsplan for hjortevilt mot år 2000 vert det no jobba med å opprette hjorteviltutval i kvar kommune.

Friviljuge organisasjonar er tiltenkt fleire sentrale oppgåver i handlingsplanen. Dette bør verte eit av dei sentrale oppgåver på kurset. Eg vil tilby FM å vere medarrangør.

Det er søkt om økonomisk støtte men svaret er ikkje kome enno.

Alle som deltok på Hjorteseminarer i 1995 vil verte tilskrivne.

Tidspunktet er ikkje datofesta, men vil ligge i nov./des. 1997.

Kurset må verte sjølvfinansierande. Men Mik.instr. bør kunne disponere inntil kr. 5000 til førearbeid.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
-MIK-instr.-

ÅRSMELDING FRÅ JEGERPRØVE-INSTRUKTØREN 1996

Eg overtok som jegerprøveinstruktør i 1995. Frå og med 1996 må alle tidlegare godkjende jegerprøveinstruktørar ha gjennomført fase 3-kurs. Ingen kan praktisere som instruktør utan denne oppdateringa på den praktisk-obligatoriske delen i jegerprøva.

Eg har gjennomført 1 større jegerprøvekurs i mai 1996. Her deltok 8 som fullførte fase 3 og 13 nye.

Eg har lagt vekt på at det bør vere fleire instruktørar i kvar kommune og at desse samarbeider om lokale kurs. Denne måten å arbeide på vil lettare forhindre at nokon brenn seg ut og at andre ikkje er aktive i det heile.

Arbeidet er i god gjenge, men det er kommunar som ikkje har eigne jegerprøveinstruktørar.

Utan instruktør:

Desse kommunane er: Askvoll, Høyanger, Hornindal, Leikanger, Naustdal, Selje, Solund. Her har lokallag ein jobb å gjere.

Kommunar med berre 1 instruktør:

Balestrand, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Jølster, Lærdal, Stryn, Vik, Vågsøy og Årdal.

Målet må vere å ha minste 3 instruktørar i kvar kommune.

Eg vil takke alle instruktørane for velgjort arbeid. På fylkesinstruktørsamlinga i des. 1996 gav DN ros til NJFF for instruktørutdanninga. Mi oppgåve er å bere denne vidare til "fotfolket".

Avslutningsvis vil eg lyse fred over minnet til den førre fylkesinstruktør, Rolf Thingvold sr, han døyde 31. januar.

Arbeidsprogram og budsjett for 1997:

Målet er å arrangere eit kurs for nye instruktørar 12. og 13. april.

Kurset vil verte lagt til Førde eller Leirvik i Sogn alt etter kvar tyngda av påmeldingane kjem frå.

Det vert sendt eit brev til alle lokallaga i god tid slik at dei kan gjere ein ekstra innsats for å finne dei rette personane. Å vere jegerprøveinstruktør er utfordrande oppgåve.

Økonomiske konsekvensar:

Jegerprøve-instruktøren ynskjer ein stønadssum på kr. 5 000,- på budsjettet for 1997. Dette er pengar som vert overførte frå NJFF.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
-Jegerpr. instr.-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØREN I HAGLESKYTING

På våren var eg ferdig utdanna som haglekytarinstruktør. Denne utdanninga var det Rune Flodmann som stod for, han har utdanna ca. ein instruktør frå kvart fylke i heile landet. Instruktørmappa som vi skulle arbeide etter, kom så seint på våren at vi ikkje kom i gang før sommarferien.

Det skulle vere eit damekurs i oktober i Luster, men vart ikkje noko av p.g.a. lita deltaking.

Arbeidsprogram:

7. - 9. februar: Lokallagsinstruktørkurs hagle, trinn 2 Luster.

Mars: Lokallagsinstruktørkurs hagle, trinn 2 og 3, Luster.

April: Dommarkurs, hagle

Vårparten; Dommarkurs i jegertrap, Nordfjordeid.

Budsjett:

25 000 inntekter

20 000 utgifter

Med HELSING

Per Gunnestad

-Fylkesinstr. i haglekyting-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR FOR ETTERSØKSHUND

| | | |
|---------------|--|---------------|
| 12. - 13.04 | Fase 2 kurs i Stryn for Nordfjord | |
| 31.05 - 01.06 | Fase 3 kurs i Gaular for Ytre Sogn og Sfj. | 21 deltakarar |
| 14. - 15. 06 | Fase 3 kurs i Gaular for Ytre Sogn og Sfj. | 16 deltakarar |
| 28. - 29.08 | Fase 3 kurs i Stryn for Nordfjord | 11 deltakarar |
| 16. - 17.08 | Fase 3 kurs i Sogndal for Indre Sogn | 23 deltakarar |
| 16. - 17.11 | Fase 3 kurs i Gaular for Ytre Sogn og Sfj. | 13 deltakarar |

Har vert dommar i Flekke og Gaular på blodspor. I Flekke var det òg med ein aspirant.

Var dommar i Gaular, Flekke og Førde på ferskspor. I Flekke var det også med ein aspirant.

Har lagt spor og trena ein del hundar på blodspor.

Arbeidsprogram for 1997

Eit dommarkurs i Indre Sogn den 9. og 10. mai.

Påmelding seinast 25 april.

Fase 3 kurs kan eg halde, men då må eg få ordre frå lag som er interessert i kurs. (Ei oppfordring til Eid JF om å halde fase 3 kurs!)

Med helsing

Alf Bruland

-Fylkesinstruktør for Ettersøkshund-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR EL. HALSBAND 1996

Diverre har det ikkje vorte arrangert nokon brukarkurs i 1996. Hadde håpa på det, men det har ikkje vore nokon interesse for det.

Det var holdt fylkesinstruktørsamling i Stjørdal 10 - 12. mai. Samlinga vart glimrande leia av Sven Stenbrendnen frå NJFF. Vi gjekk bl.a. gjennom dei nye bevisa, rapportering og krav til nye instruktørar.

Vi gjekk gjennom heftet "kurs i bruk av el. halsband for hund". Det var svært lærerikt.

I 1996 har eg fått inn rapportar frå kun Luster Jakt og Fiskelag. Det verkar som m det er berre dei som er aktive. Dei har gjort eit så godt arbeid, at dei fekk kutta ned bandtvangen med 14 dagar i eit område. Set viser at det nyttar her i fylket òg.

Eg trur at fleire har brukt el. halsband, men at dei har gløymt å sende rapport.

Sogndal og Omland Hundeklubb henvende seg til meg, om eg ville "straume" hundar for dei. Det gjorde eg. Ein gong om våren, så det er berre å ta kontakt.

Med helsing

Bjørn Monsen

-Fylkesinstruktør el. halsband-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR RIFLE

Det har ikkje vore nokon aktivitet i 1996.

Dersom ein får materiell frå instruktørutdanninga som Rune Flodmann har lagt opp, kan eg legge opp til kurs i lokallaga.

Dersom det er interesse for det, vert det eit damekurs i rifleskyting i august/september. Staden vert der det er høveleg og størst interesse.

Med helsing

Arne Olav Bjørlo

-Fylkesinstruktør Rifle-

ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR HUND

Ingen aktivitet.

Kari Mette Helle

Fagleiar Hund

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆREN

Eg byrja året 1996 i 40% stilling av full stilling og fekk auka stillinga til 60% frå 1. mai 1996.

Sidan fylkesforbundet ikkje har nokon sportsfiskekontakt, har eg stått som kontaktperson i 1996. Så mykje vart ikkje gjort; var med å arrangere kaifiskekonkurranse, samt fiskesti saman med Eid JF og eit flugekastarkurs for kvinner på Sandane. Sistnemnde var også i regi av kvinnesatsinga til fylkesforbundet. Det hadde vore gledeleg om nokon fiskeinteresserte kunne tenke seg ei slik oppgåve i fylkesforbundet.

Som representant for SFJFF i Studieforbundet natur & miljø, vart eg valt som sekretær og kasserar på årsmøtet til studieforbundet i 1996. Utanom å delta på årsmøtet, var eg også på eit styremøte i Førde og landsmøte i Alta. Har vore på årsmøte i Voksenopplæringa i Sogn og Fjordane på Skei og i eit møte i FRIFO (Friluftslivets Fellesorganisasjon) på Hjelle.

Som fylkessekretær vart eg førespurt om å delta på årsmøta til Eid JF, Sogndal Jspfl og Hyen JFF. Deltok også på 125-års jubileet på Elverum og i Lærdal. Ved sistnemnde 125-års markering, fekk eg prøve meg som avisskrivar.

Var i møte med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt- og fiskefondet. På dette møtet skulle fagleiar fisk og vilt vore, men dei kunne ikkje møte. Desse to vil bli invitert av Fylkesmannen i 1997 til å vere høyringsorgan i tildelinga.

Eit fylkeslotteri vart sett i gang seinhausten/vinteren og lokalforeiningane og fylkesforbundet fekk solgt omlag 6400 lodd, dvs. nær 64% av totale lodd. Dette var ein nedgang på 10% i frå forrige år.

Har delteke på fylkessekretærsamlingar, styremøter, møter i arrangementskomiteen for Vestnorsk Villmarksmesse og formanskonferanse. Har hatt nokre førebuingar til styremøta. Elles har arbeidet bestått av kontorarbeid.

Prioriterte arbeidsoppgåver i 1997 for fylkessekretæren:

- * Dagleg drift av kontoret.
- * Vere meir synleg ute i lokalforeiningane og aktivisere lag og foreiningar med liten aktivitet.
- * Stimulere til meir studieaktivitet
- * Pressemeldingar til media, generell info
- * Førebu saker/prosjektarbeid
- * Medlemsavis
- * Vestnorsk Villmarksmesse

Med helsing

Reidun Solberg Seim
-fylkessekretær-

REKNESKAP FOR 1996:

| | Inntekter | Utgifter |
|---|-------------------|-------------------|
| NJFF variabel kontigent | 36.646,- | |
| NJFF fast tilskot | 39.250,- | |
| NJFF ekstra kontigent | 62.475,- | |
| Tilskot kobbeteljing | 10.000,- | |
| Tilskot 125-års jubileum | 30.000,- | |
| Tilskot frå Fylkesmannen, fase 3 ettersøk | 15.000,- | |
| Tilskot aktiv ungdom, NJFF | 32.000,- | |
| Lotteri 1996 (1995) | 11.756,22 | |
| Gåve Sparebanken S og Fj. | 1.000,- | |
| Renter | 5.988,- | |
| Annonse | 500,- | |
| | | |
| Styremøter | | 15.853,30 |
| Årsmøte | | 18.736,93 |
| Reiseutgifter og bilgodtgjersle v/ Styret | | 20.365,40 |
| Porto og tlf v/ styret | | 6.199,50 |
| Lønn fylkessekretær | | 54.506,53 |
| Kontorleige v/ fy.sekr. | | 6.000,- |
| Kopimaskin v/ fy.sekr. | | 7.380,- |
| Rekvisita, porto, tlf. v/fy.sekr. | | 22.016,09 |
| 125-års jubileum + avis | | 26.093,32 |
| Aktiv Ungdom | | 13.988,50 |
| Kobbeteljing | | 10.256,80 |
| Vestnorsk Villmarksmesse | | 11.256,50 |
| Formanskonferanse | | 5.478,35 |
| Ettersøkshund | | 11.459,- |
| Jegerprøveinstruktør | | 4.752,50 |
| Instruktør Hagle | | 6.448,50 |
| Premiar, Fylkesmeisterskap | | 1.110,- |
| <u>Overskot 1996</u> | | <u>2.714,-</u> |
| | <u>244.615,22</u> | <u>244.615,22</u> |

Terje Espe

